



- eit fyrtårn i vest

Natur i Øygarden

Kunnskapsgrunnlag til
arealdelen til kommuneplanen 2027-2039



Kommunen skal ha god oversikt og kunnskap om kva for naturverdiar vi har, slik at vi kan ta vare på desse for framtida. Denne rapporten viser ei oversikt over kjende naturverdiar i Øygarden.

Datert: 21.10.2024



Innhald

| | | |
|----|--|---|
| 1. | Kvifor er naturen i Øygarden viktig? | 3 |
| 2. | Korleis har naturen i Øygarden blitt slik den er?..... | 3 |
| 3. | Kva kartleggingar er gjort av naturen vår?..... | 4 |
| 4. | Verna natur i Øygarden | 6 |
| 5. | Utvalde naturtypar i Øygarden..... | 6 |
| 6. | Annan viktig natur i Øygarden..... | 7 |
| 7. | Press på naturen i Øygarden | 8 |
| 8. | Vidare arbeid | 9 |
| 9. | Kjelder..... | 9 |

1. Kvifor er naturen i Øygarden viktig?

Naturen er grunnlaget for alt liv på jorda, og gir oss mat, reint vatn, medisinar og økonomiske verdiar. Den reinsar lufta, beskyttar oss mot endringar i klimaet og bremsar flaumar. For innbyggjarane i Øygarden gir naturen også attraktive bustadområde og tilgang til opplevingar, rekreasjon og friluftsliv.

Nedbygging, oppstykking, attgroing og tilførsel av framande artar er i dag dei viktigaste årsakene til at mange naturtypar og artar står i fare for å forsvinna, både i Øygarden og Noreg. Øygarden kommune har over lang tid hatt høge ambisjonar om fleire innbyggjarar, fleire arbeidsplassar, betre vegar og nye bygg til både private og offentlege tenester. Naturen vert ofte prioritert vekk for å få til vekst og utvikling.

I samsvar med plan- og bygningslova har kommunane eit stort ansvar for at utviklinga vår er berekraftig, og at vi greier å vera om naturområda våre og oppretthalda eit mangfold av naturtypar og artar. Vi har også eit ansvar for å bidra til å vera minst 30 prosent av land og hav på jorda (jf. [Naturavtalen](#)) innan 2030 og bidra til å nå [nasjonale miljømål](#). I [samfunnsdelen til kommuneplanen](#) har vi vedteke eit mål om at «Øygarden er staden for gode naturopplevingar, fordi vi tek vare på naturen vår, på land og i sjø». Dette målet skal vi blant anna oppnå gjennom å «ta vare på viktig natur, arts mangfold og kyst- og kulturlandskap». Vi har her også vedteke fleire arealstrategiar som inneholder nødvendige grep for å ta vare på naturen vår:

- Vi skal ta vare på naturen vår på land, i vatn, vassdrag og sjø.
- Forvalta areal på land, i vatn, vassdrag og sjø ut i frå oppdatert kunnskap, med fokus på å ta vare på viktige økosystem og redusera klima- og miljøpåverknaden.
- Finna balansen mellom vern og bruk ved å ha tydelege skilje mellom dei store natur- og utmarksområda og utbyggingsområde.
- Visa naturmiljø, kyst- og kulturlandskap, kulturmiljø og friluftsområde og landbruk med eigne omsynssoner.
- Planlegga for ein arealbruk som unngår konfliktar mellom bruksområde, som til dømes mellom bustad og støy- og støvproduserande næringsformål.
- Samlokalisera, fortetta, effektivisera, og gjenbruка areal på land og i strandsona.
- Vurdera om ubygde areal som er sett av til byggeformål, kan erstattast med nye og meir attraktive og framtidssikre lokaliseringar.
- Ta vare på verdiane i strandsona, og vurdera korleis vi skal legga til rette for differensiert bruk og vern ut i frå lokale føresetnader og moglegheiter

2. Korleis har naturen i Øygarden blitt slik den er?

Bergartar, landformer, vassdrag, havet, klima og vêr har lagt grunnlaget for naturen vi har Øygarden. Hard og fattig berggrunn har ført til at vi har mykje av nøyseme artar, og planter og vekstar som krev lite næring. Milde vinstrar betyr at varmekjære artar er relativt vanlege, og kan stadvis vera dominante.

Menneskeleg bruk av naturressursar i tusenvis av år har ført til at lynchheier og nakne berg er eit karakteristisk trekk i landskapet. Lynchheiene er forma av avskoging og gjennom langvarig brenning og

beite. Store torvuttak til brensel, har noko også noko å seia for at det er så mykje synlege bergknausar. Det er gjennomgåande lite lausmassar i kommunen, og dei dyrka markene er derfor ganske små, og ligg flekkvis i søkk mot sjøen og i dalgangar.

Berggrunnen er ikkje like fattig over alt. Blant anna finn vi edellauvskog av lind og eik, og til dømes ramslauk, kusymre og fleire kraftige artar av lav som trivst i slik flora. I indre delar har det nokre stader stått litt skog det meste av tida. Det vesle som var att av skog vart nok samtidig hardt utnytta. Vi har nokre mindre område med naturleg furuskog og ein del skogholt der hassel er dominerande.

Vi finn også nokre innslag av næringskrevjande artar som vitnar om at det enkelte stader er betre jordsmonn. Det kan koma av oppgjødsling av innmark, og stadvis også utmark for å auka produksjonsevna til jorda. Det kan også koma av avrenning frå kloakk og landbruk.


3. Kva kartleggingar er gjort av naturen vår?

Store delar av dei tidlegare kommunane [Fjell \(2003\)](#), [Sund \(2009\)](#) og [Øygarden \(2003\)](#) har vore kartlagt for naturtypar etter metoden [DN-håndbok 13](#) (DN 2007). Det er også gjort ei [supplerande kartlegging i tidlegare Øygarden i 2014](#) og [registrering av enkeltlokalitetar i 2013](#).

I samband med planarbeid av nytt Sotrasamband og nye fylkesvegar og utviklinga av Nordre Bildøyna er det også gjennomført naturmangfaldskartleggingar.

Store delar av Øygarden har nyleg (2022 og 2023) vore kartlagd etter Miljødirektoratets instruks, som bygger på eit heildekande system for kartleggingar av natur i Noreg, også kalla NiN-metoden. Sidan det meste av kommunen vår er kartlagd for naturtypar på land, har vi eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag. [Dekningskartet](#) for kartlegginga etter NiN-metoden viser at det er øyene heilt i nord, nokre av øyne i vest som Turøyna, Dyrøyna, Hissøyna og Løno, øyer i sør som Tofterøy, Vikso, Lerøyna, Bjelkarøyna og Tyssøy det manglar kartleggingar. På Bjarøyna er Vestrepollen kartlagt og på Litlesotra er Ebbesvika kartlagt, elles manglar det kartleggingar også her.

Kartleggingane etter NiN-metoden viser heilt tydeleg at kystlynghei er den naturtypen som dekkjer mest areal i Øygarden, og utgjer 97,8 % (143030076,77 kvadratmeter) av naturen vår. Naturtypen som dekkjer nest mest areal er naturbeitemark med 1,48 % (2166075 kvadratmeter). Dei andre naturtypane som er registrerte i Øygarden er vist i figuren nedanfor.



Viltrapportane som utgjer kunnskapsgrunnlaget vi har om artar på land og deira leveområde er av noko eldre dato. Frå tidlegare [Fjell er rapporten i frå 2005](#), frå [Sund er den datert 2006](#) medan frå gamle Øygarden er den datert tilbake i 2000. Samla i desse tre rapportane er det registrert tre svært viktig viltområde og 18 viktige viltområde. Dei fleste av desse er sjøfuglområde, lokalisiert langs vestsida av kommunen. I tillegg viser desse rapportane kjende trekkvegar for hjortevilt. I viltrapporten for Fjell vert det vist til at trekkruter for hjorten står i fare for å bli stengde på grunn av utbygging. Etter nesten 20 år med eit relativt stort omfang av utbygging i kommunen, er truleg fleire trekkruter og leveområde for hjorten bygd ned. Statistikk over felte hjort viser nedgang i område som er prega av utbygging, som til dømes Litlesotra.

I Øygarden er det også registeret fleire leveområde for den sterke truga arten hubro. Opplysingar om desse lokalitetane er unntake offentlegheit, og informasjon om leve- og hekkeområde kan ikkje publiseras. Denne informasjonen er likevel viktig kunnskap som må leggast til grunn når vi skal arbeida vidare med framtidas arealbruk.

Den viktigaste årsaka til tap av naturmangfold er at vi forringar leveområda til artane eller at desse går tapt som følgje av endra arealbruk. Av artene som er truga i Noreg, er heile 89 prosent truga av ulike typar arealendringar. [Artsdatabanken](#) er ein kunnskapsbank om naturmangfold, og ei viktig kjelde til kvar vi finn truga artar også i Øygarden. Her er all data om naturen samla i eit [økologisk grunnkart](#). Mange av registreringane i Artsdatabanken er av eldre dato, og derfor ikkje alltid like sikre. Dei gir likevel ein peikepinn på om det er artar eller leveområde vi må ta særleg omsyn til når vi

skal vurdera framtidas arealbruk. Artsdatabanken viser også kvar i Øygarden vi har for artar av nasjonal interesse som vi må ta vare på.

4. Verna natur i Øygarden

I Øygarden kommune er har vi ni naturreservat. Åtte av desse områda er verna som leve- og hekke område for sjøfugl, og alle utan om eitt ligg langs kysten mot vest i kommunen. Det eine som ligg mot aust er Ringaskjeret, nordaust for Bjørøyhamn. Nord i kommunen ligg Tjeldstø naturreservat, [med verneplan for våtmark](#).

Miljødirektoratet har foreslått [marint vern av Krossfjorden](#), noko som tidlegare har møtt stor motstand frå kommunane Bergen, Bjørnafjorden, Øygarden og Austevoll, som alle vert påverka av eit slikt vern. Det føreligg enda ikkje noko endelig avgjerd om vern, og miljødirektoratet har foreløpig lagt arbeidet på hold.

Statsforvaltaren i Vestland har starta arbeidet med vern av den store samanhengande utmarka mellom Golta, Glesnes, Kausland, Asphaugen og Selstø. Det inneber at store delar av den sørvestre utmarka i Øygarden truleg vert eit nytt naturreservat i framtida.



5. Utvalde naturtypar i Øygarden

I Noreg har vi vald ut nokre naturtypar som meir viktig enn andre. Desse skal vi prioritera å ta vare på, sjølv om dei ligg utanfor naturvernområda. Dei utvalde naturtypane inngår i ei eiga [forskrift](#) etter [naturmangfaldlova](#). I Øygarden har vi dei utvalde naturtypane kystlynghei, hole eiker og slåttemark.

Kystlynghei (733)

Kystlynghei er ein utvalt naturtype som er strekt truga (EN), jf. Naturmangfaldlova. Vestlandet er hovudområde for det norske llynghelandskapet, og llynghiene i Øygarden er del av eit større område der kunnskap om dei tradisjonelle driftsmåtane av kystlyngheiene har halde seg sterkest og lengst over tid. I Øygarden har vi fleire store og samanhengande kystlyngheier, med svært høg kvalitet.

- Slåttemark
- Slåttemyr
- Hule eiker
- Kalklineskog
- Kalksjær
- Kystlynghei
- Åpen grunnlendt kalkmark i boreonemoral sone
- Olivinskog

Kystlyngheine er forma gjennom rydding av kratt og skog, og fleire tusen års bruk gjennom lyngbrenning og beite. Llynghelandskapet er truleg den eldste typen kulturmark vi har i Noreg, der røsslyngen ha vore ein viktig beiteplante også i vinterhalvåret.

Kystlyngheier har også andre funksjonar, som til dømes binda opp karbon, vera leveområde for blant anna bier og fuglar og redusera fare for brann. I tillegg finn vi mange spor og kulturminne frå tidlegare levealdrar. Kulturhistoria saman med det opne landskapet mot sjøen og havet gir

opplevelingar til tilreisande, samstundes som det bidreg til å bygga identitet og fellesskap, fordi landskapet fortel om korleis dei levde her før.

Hole eiker (23)

I Øygarden har vi hole eiker på Børnes og i området rundt gamle Sund prestegard. Eit eiketre kan bli bort i mot 1000 år gammalt. Mange artar har eika som sitt leveområde og er avhengige av eika for å leve (inntil 1500 ulike artar). Mange av desse artene som sopp, lav og insekt finst berre her.

Sidan det stadig vert færre hole eiker, er fleire av artane som har eika som sitt leveområde både sjeldne og utsynningstruga i Noreg, og i Europa. Ved å ta vare på hole eiker beskyttar vi også ei rekke truga og «raudlista» småkryp og andre artar.

Det er ikkje berre hole eiketre som verkt rekna med som utvalt naturtype. Både større eiketre og døde hole eiker har stor naturverdi, og inngår som utvalt naturtype.

Slåttemark (4)

Denne typenenger finn vi på Hatten og i Blomvåg nord i kommunen, og lengre sør i Nordvika og på Kallestad. Slåttemark er semi-naturlig eng, der det har vore langvarig og ekstensiv hevd gjennom regelmessig slått, ofte i kombinasjon med vår- eller haustbeite. Slikeenger har ingen synlege fysiske spor etter pløying, eller tilsåing med fôr- og matvekstar og ingen/svake spor etter gjødsling.

Naturtypen har slåttemarkspreng der artane er jamt fordelt i enga og samansetninga av arter er dominert av urter framfor gras. Slåttemarkene har ofte høg grad av artsmangfald, særleg av karplanter, sopp og insekt.

6. Annan viktig natur i Øygarden

Andre naturtypar i Øygarden utgjer berre ein liten del av arealet vårt, men derfor er også dei svært viktige for oss.

Semi-naturleg eng

Semi-naturlig eng er ein sjeldan naturtype i Noreg med et høgt biologisk mangfald, som er forma av hevd gjennom lang tid. Semi-naturlig eng kan vera beitemark, slåttemark og hagemark. Den er ofte ein open naturtype, men den kan også vera tresett.

Semi-naturleg eng er avhengig av skjøtsel i form av beite og slått eller ein kombinasjon desse, for å oppretthalda samansetninga av artar og vegetasjonsstrukturen som karakteriserer naturtypen. Mangel på skjøtsel, eller for svak skjøtsel (til dømes for svakt beitetrykk), er truleg den viktigaste trugselen mot semi-naturlig eng, men den kan også gå tapt som følgje av gjødsling, pløying og oppdyrkning, eller anna kultivering.

Naturbeitemark

Naturbeitemarkene har vært i langvarig bruk til beite, kanskje i mange hundre år. Sidan naturbeitemarker ikkje, eller i liten grad, vart gjødsla, pløgde eller sådd til med fremmande planteartar, har dei ofte store biologiske verdiar i form av ei rekke sjeldne og truga planter, sopp og insekt. I dag blir naturbeitemarkene sjeldnare fordi dei vert pløgd, gjødsla, bygd ned eller går ut av bruk og gror att.

Edellauvskog

Edellauvskog finst berre på lokalitetar med særleg gunstig klima og jordbotn. Mange plante- og dyresamfunn finst derfor berre i slike område. I følgje Artsdatabanken har om lag 60 prosent av alle artane på fastlandet i Noreg skog som levestad. Arealendringar av skog er truleg den faktoren som påverkar norske artar mest. Å ta vare på mest mogleg intakte økosystem i skog er blant dei viktigaste tiltaka vi kan gjera for å ta vare på naturen for framtida.

Boreonemorale regnskogar

Mykje regn og ein stabil temperatur gjennom året, gjer at vi har regnskogar i Øygarden. Skogen varier frå furuskog til lauvskog, dominert av bjørk og nokre stader hassel. I denne skogen lever sjeldne artar av mose og lav. Denne naturtypen finn vi helst på skjerma stader med høg stabil luftfuktigkeit, som tronge dalsøkk og nordvendte skråningar, gjerne under høge bergveggar.

Strandeng og semi-naturleg strandeng

Strandeng er ein sårbar naturtype, medan semi-naturlig strandeng er sterkt truga. Naturtypen reinsar vatn som renn inn i fjæra og avrenning frå landområda som ligg bak. Den kan gje konsekvensane frå stormflo mindre ved å redusere hastigkeit, høgde og varigheit på bølger. Vidare stabiliserer og bidrar den til å hindre erosjon av strandlinja. Både strandeng og semi-naturleg strandeng har viktige funksjonar som hekke- og rastepllassar for fugl og beiteområde for husdyr.

Våtmark og myr

Våtmark er eit vidt omgrep som omfattar mange ulike naturtypar. Fellesnemnaren for dei er at områda store delar av året er fuktige eller fløynde av vatn. Som våtmark kan vi mellom anna rekne myrer av alle slag, elvedelta og grunne elvestrekningar, grunne småvatn, sumpar, vegetasjonsrike tjern og innsjøar, fjære- og grunnvassområde langs kysten og grunne bukter og viker i større innsjøar.

Våtmarkene har mange viktige funksjonar i naturen. Dei er veksestad for fleire sjeldne planteartar, og har høg produksjon av plantemateriale som gir grunnlag for eit rikt og variert dyreliv. Fleire typar fugl er avhengige av våtmarkene som hekkestad, rasteplass og overvintringsområde. Særleg myrene har stor kapasitet til å lagre vatn, og bidreg til å jamne ut flaumtoppar. Våtmarkene har funksjon som naturlege filtrering av vatn i naturen og lagrar karbon. Myrene er dessutan å rekne som naturen sitt biblioteket, fordi vi finn ulike lag av pollen og andre planterestar som er ei viktig kjelde til kunnskap om klima og plante- og dyreliv i tidlegare tider.

Trass i dei naturverdiane som våtmarkene representerer, er det knapt nokon naturtype som har vore meir utsett for inngrep frå oss menneske. Våtmarker blir både i Noreg og resten av verda rekna som ein av dei mest truga naturtypane ([Ramsarkonvensjonen](#)). Fleire artar som har våtmarker som leveområde står på nasjonale og internasjonale raudlister.

7. Press på naturen i Øygarden

Samanstillingar av kartleggingar og registreringar viser at vi har viktig natur fleire stader der vi også har planlagt å bygga ned areal. [Kartforteljinga Verdiar i Øygarden](#) viser kva stader vi planlegg å bygga ned, kva type utbygging vi til no har prioritert framfor naturen vår og kva type natur vi har planlagt å bygga ned.

8. Vidare arbeid

Både denne rapporten og [kartforteljinga Verdiar i Øygarden](#) vil bli oppdatert med ny kunnskap, etter kvart som arbeidet med arealdelen til kommuneplanen 2027-2039 går framover. Til dømes pågår det naturkartleggingar etter Miljødirektoratets instruks av naturtypar fleire stader i kommunen, som følgje av tildelte midlar frå Miljødirektoratet. Øygarden kommune vil fortsetja å søka på slike midlar, for å få kartlagt meir natur i åra som kjem.

I det vidare arbeidet med arealdelen til kommuneplanen 2027-2039 skal vi blant anna arbeida meir med konfliktar mellom natur og planlagt utbygging:

- Er det i dei områda der naturverdiar har høg og svært høg verdi vi skal ta ut byggeformål og ikkje tillata ny bygging? Er det denne naturen samfunnsdelen peikar som vi skal ta vare på?
- Kva meiner innbyggjarane våre er viktig natur?
- Kva er dei positive og negative konsekvensane av å ta vare på viktig natur i Øygarden?

9. Kjelder

Økolopgiske grunnkart, inkl. artsdatabanken og naturbase: [Økologiske grunnkart \(artsdatabanken.no\)](#)

[Norges klima- og miljømål \(miljodirektoratet.no\)](#)

[Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Fjell \(2003\)](#)

[Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Sund \(2009\)](#)

[Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Øygarden \(2003\)](#)

[Kvalitetssikring og supplerende kartlegging av naturtyper i Øygarden kommune \(2014\)](#)

[Kystlynghei i Austrheim, Lindås, Radøy, Meland, Øygarden, Fjell og Sund - Registreringer i 2013 i forbindelse med Handlingsplan for kystlynghei](#)

[Viltet i Fjell - Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane \(2005\)](#)

[Viltet i Sund - Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane \(2006\)](#)

Viltet i Øygarden - Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane (2000)

[Samfunnsdelen til kommuneplanen 2022-2034 \(framsikt.net\)](#)